

Radøy Idrettslag

Slettevegen 815, 5939 Sletta

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

939 Sletta 1.november 2018

AUSTMARKA KUNSTGRASBANE – SØKNAD OM FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR OG MEIRVERDIAVGIFTA TIL GARDEROBE/KLUBBLOKALE.

Bakgrunn:

Radøy Idrettslag og Radøy/Manger Fotballklubb (RIL, R/M) søkte og fekk bistand frå Trond Mohn til realisering av kunstgrasbana i Austmarka. Forskottering av spelemidlar til kunstgrasbana, om lag kr. 1.853.00,-, vil no gå til bygging av garderobe/klubblokale. Om me får ytterlegare midlar er førebels uklart.

Anna finansiering er dugnad og eigenkapital.

Finansiering:

• Midlar på konto (midlar frå Trond Mohn)	kr. 1.853.000,-
• Dugnad	482.000,-
• Spelemidlar (30%)	1.500.000,-
• Momskompensasjon	920.802,-
• Eigenkapital	<u>330.202,-</u>

Sum: kr. 5.086.004,-

Jfr. vedlagte Rekneskapssamandrag for bygging av anlegget.

Trong for garderobe/klubblokale i tilknytning til kunstgrasbana

Radøy Idrettslag (RIL) leigar anlegget til Radøy/Manger Fotballklubb, som har driftsansvar for bana.

Garderobetilbodet er i dag på Sæbø skule, noko som ikkje er ei god løysing for brukarane av bana.

Nytt bygg ved bana gjer at me får eit fullgodt anlegg som kan nyttast uavhengig av tilgang til Sæbø skule sine garderober.

Kunstgrasbana i Austmarka er mykje brukt både til trening og kampar, og garderobebygget vil gje eit klart betre tilbod og truleg auka aktiviteten på anlegget.

Situasjonsplanen (vedlagt) syner plassering av bygget.

Nærare om finansiering:

Det vert synt til vedlagt oppsett for finansiering av anlegget.

Momskompensasjon og spelemidlar må mellomfinansierast, noko RIL og R/M fotballklubb ser vanskar med å klara i tillegg til den årlege drifta av laga.

Kunstgrasbana vart finansiert med forskottering av midlar frå Radøy kommune og Trond Mohn. Trond Mohn let som det går fram av finansieringsplanen denne forskottinga gå til bygging av garderobe/klubblokale (går fram som eigenkapital), noko laga er svært takksame for. Ytterlegare midlar kan komma, men det er usikkert.

RIL/R/M fotballklubb er særst takksame for det Radøy kommune ytte i samband med bygging av kunstgrasbana.

Det har heile tida vore laga sine planar at for å få eit fullgodt idrettsanlegg må garderobe/klubblokale på plass.

Planane er no klare og søknad om byggjeløyve vil bli sendt med det første.

Søknad om idrettsfunksjonell utforming ligg til vurdering i Radøy kommune.

For å komma i tur når det gjeld tildeling av spelemidlar må me senda søknad for 2019

Momskompensasjon er ei refusjonsordning, og søknad kan sendast når bygget er ferdig.

Søknad:

RIL søker såleis Radøy kommune om forskottering av spelemidlar og meirverdiavgifta i samband med bygging av garderobe/klubblokale i Austmarka. Med den oversikt me har pr dd vil storleiken på spelemidlar vera kring kr. 1.500.000,- og meirverdiavgifta liggja innanfor ei ramme på om lag kr 920.000,- , totalt kr. 2.420.000,-.

Kort om status:

Framdriftsplanen er at bygget skal verta ferdig i 2019, og RIL kan med det søkja om momskompensasjon i 2020. Når det gjeld spelemidlar, er det alltid eit spørsmål om kor stor søknadsmassen er i høve løyvde midlar, men det går i alle høve 2-3 år.

Dersom Radøy kommune forskotterer midlar til anlegget, vil dei bli attendebetalt så snart RIL har mottatt midlane.

Vyrdsamt

Olav Steinar Namtvedt(s) /leiar i RIL

Vedlegg:

- Rekneskapssamandrag
- Teikningar – Gnr/bnr 77/38 Plan, snitt, fasadar